

## Stor flymønstring på Stord

17.06.2015



Lufforsvaret stillar med Orion overvåkingsfly

Laurdag er det flydag på Stord og lista over dei flya som kjem er lang og imponerande. Ein Orion frå Lufforsvaret vert følgd av modellfly frå Haugaland Modellklubb, russisk YAK-52, BL-8, Christen Eagle, Slick-360, Antonov 2, Harvard, L-29, og Vampire og oppvisninga er frå klokka 14 til 16,30. Portane vert imidlertid opna allereie klokka 10 med ein statisk utstilling av fly og helikopter fram til klokka 13.30. I denne perioden kan publikum få lov til å delta i rundflyging.



--og dette er ein russisk L-29

Lufthamnsjef Jan Morten Myklebust håper på stort besøk også frå den andre sida av fjorden og garanterer fart og spenning, Han ber omg at publikum tek med hørselvern ettersom det vert endel støy. Hvis ein vil ha ein god parkeringsplass er det viktig å vera ute i god tid.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto. Stord Lufthamn